



Nissedal kommune

Årsmelding for kontrollutvalet 2018

Temark

Agder og Telemark
Kontrollutvalssekretariat IKS

1. INNLEIING

Årsmelding for Nissedal kontrollutval for 2018 skal gje eit bilete av utvalet si formelle rolle, forholdet til revisjonen og sekretariatet og dei viktigaste sakene som er handsama i året som har gått. I høve kommunelova er kontrollutvalet det einaste politiske utvalet ei kommune er pålagt å ha, utanom formannskapet.

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Utvalet gjev kvart år ei uttale til kommunerekneskapen. I tråd med forskrift for kontrollutval, skal utvalet rapportere resultatet av dei forvaltningsrevisjonsprosjekta og selskapskontrollane som vert gjennomført årleg. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

2. SAMANSETNAD AV KONTROLLUTVALET

Alle kommunar er pliktige til å velje eit kontrollutval på det konstituerande kommunestyremøtet etter kvart kommuneval. Kommunestyret kan velje nye medlemmer til kontrollutvalet i løpet av valperioden, men då må heile utvalet formelt veljast på nytt. Reglar for val av medlemmar til kontrollutvalet er nedfelt i ei eiga forskrift. Det er strenge avgrensingar for kven som er valbare til utvalet, mellom anna kan ein ikkje vere tilsett i kommunen.

Nissedal kontrollutval har i 2018 hatt denne samansetnaden:

Medlemmer		Varamedlemmer	
Leiar	Inge Magnus Evja (Sp)	Personlege varamedlemmer:	
Nestleiar	Kirsten Jensby (Ap)	For Evja:	Tor Jakob Nordbø
Medlem	Magne Fjellhøy (Sp)	For Jensby:	Victor B. Hansen
		For Fjellhøy:	Tore Skåli

Kommunelova krev at minst eitt av medlemmane skal veljast blant kommunestyret sine medlemmar. Departementet har tolka dette slik at dette gjeld val ved kommunestyret si konstituering.

3. RAMMER FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Etter Kommunelova § 77 er kommunestyret pålagt å opprette eit eige kontrollutval som skal stå for løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og dei folkevalde organa som kommunestyret har oppretta. Tilsynet og kontrollen skjer i kommunestyret sin stad.

Kommunelova § 77 slår fast:

Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalet skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det

blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. ”

Kontrollutvalet sine oppgaver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgaver på deira vegner. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølgje kommunelova sørge for mange oppgaver som vi vil komme nærmare inn på seinare.

4. OPPLÆRING OG KURS

Det vert stadig stilt større krav og forventningar til kontrollutvalet sin kompetanse, både frå det politiske miljø og kommunen sine innbyggjarar. Endra regelverk gjer det nødvendig å legge til rette for opplæring og kursverksemd for alle medlemmer av kontrollutvalet. Kunnskap om kontrollutvalet si rolle, oppgaver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt (haust- og vårkonferanse i regi av Temark) eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet vert blant anna årleg invitert til landskonferansen for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og fagkonferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Dette er ei viktig samling for å tilføre kontrollutvalet ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå heile landet kan møtast og drøfte saker og arbeidsmetodar.

Kontrollutvalet i Nissedal var representert på NKRF sin kontrollutvalskonferanse i 2018, samt på Temark sin hauskonferanse.

5. SEKRETARIAT

Kontrollutvalet får sekretariatsbistand frå Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS (Temark). Med oppdrag for 31 kommunar og 3 fylkeskommunar i Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark er Temark eit av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har åtte tilsette og fast sekretær for kontrollutvalet i Nissedal i 2018 var Ingebjørg Liland.

Sekretariatet førebur sakene til kontrollutvalet, skriv saksframstillingar, syter for praktisk tilrettelegging og oppfølging av møte, samt følg opp kontrollutvalet sine vedtak. Det er sekretariatet som har innstillingsrett ovanfor utvalet.

I det løypende arbeidet er sekretariatet bindeledd mellom utval og revisjonsselskap og mellom utval og administrasjon, og utfører oppgaver på vegne av kontrollutvalet.

6. REVISJON

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Telemark kommunerevisjon IKS (TKR). Selskapet leverer revisjonstenester fleire kommunar og er eigd av 18 kommunar i Telemark og to kommunar i Vestfold, samt Telemark fylkeskommune.

TKR utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for Nissedal kommune. Avtalen mellom TKR og kommunen omfattar timar til fordeling på rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Selskapskontroll er ei teneste som vert kjøpt i tillegg. Oppdragsrevisor for Nissedal kommune er Birgitte Lindner Bøen og oppdragsansvarleg revisor er Ottar Kleppe. Kirsti Torbjørnson er oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor.

Kontrollutvalet skal påsjå at revisjonen av kommunen skjer på ein tryggande måte. Det er difor viktig at utvalet har god dialog med revisor og held seg orientert om revisjonens arbeid. Kontrollutvalet har som hovudregel eit eget punkt for orienteringar frå revisjonen i kvart møte.

7. ØKONOMI

For å utøve sin funksjon på ein god måte har kontrollutvalet lagt vekt på å be kommunestyret om økonomiske rammer som mogeleggjjer den aktiviteten som det vert lagt opp til i møte- og arbeidsplanen. Kontrollutvalet er i tråd med kommunelova pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen.

Rekneskapstala for den samla kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen kjem fram av kommunen sitt samla årsrekneskap. Det er sum for kontroll, tilsyn og revisjon som er vedteke av kommunestyret. I denne posten ligg det kostnader til drift av kontrollutvalet, kjøp av sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet vil få lagt fram ei eiga sak som går på økonomien knytt til kontroll- og tilsynsverksemda, slik at kontrollutvalet kan halde seg oppdatert på utvalet si økonomiske stilling, i tillegg til kostnadane til sekretariat og revisjon.

Budsjett og rekneskap for 2018*:

Beskrivelse:	Budsjett	Regnskap
Møtegodtgjørelse/Tapt arbeidsfortjeneste	68 000	33 794
Beverting	3 000	855
Kontingent og tidsskrift mm.	3 000	4 775
Opplæring, kurs og konferanse inkl. reise og oppholdsutgifter	28 000	20 485
Sum kontrollutvalget:	102 000	59 909
Kjøp av sekretariatstjenester	99 000	99 000
Kjøp av revisjonstjenester	415 000	415 232
Selskapskontroll o.l.	50 000	0
SUM TOTALT	666 000	574 141

*Rekneskapstall pr. 4.2.2019. Endeleg rekneskap er ikkje klart før 15.2.19.

8. ARBEIDET I KONTROLLUTVALET– MØTER OG SAKER

Møter 2018

Kontrollutvalet har i 2018 gjennomført 4 møter og handsama 25 saker.

Åpne møter

I likskap med andre folkevalde organ er møta i kontrollutvalet som hovudregel opne. Sakskart, saksdokument og protokollar vert løypande lagt ut på kommunen og sekretariatet sine heimesider (www.temark.no).

Deltakelse fra administrasjonen

Rådmannen deltar (etter innkalling) på dei fleste av kontrollutvalet sine møter. God dialog med den administrative leiinga er ei styrke for kontrollutvalet i sitt arbeid.

I tillegg til rådmann Sverre Sæter har følgande frå administrasjonen delteke på møter i 2018:

- Kommunalsjef samfunn og utvikling, Jan Arvid Setane (23.04.18)
- Økonomisjef Jarle Bruun Olsen (23.04.18 og 5.11.18)
- Teknisk sjef Kristin Kyrkjerud Vaa (5.11.18)
- Plansjef Sveinung Seljås (5.11.18)

Orienteringar og einingsbesøk

Utvalet ynskjer å ha oppdatert informasjon om kommunens verksemd, og samtidig gjere eigen funksjon kjend for både innbyggjarane og kommunens tilsette. Administrasjonen inviterast med jamne mellomrom til kontrollutvalet for å orientere om forskjellige verksemdsområder i kommunen. Kontrollutvalet ynskjer å vere synleg og ha god kontakt med kommunens leiing og tilsette/organisasjonen forøvrig.

Kontrollutvalet besøker med jamne mellomrom ulike kommunale einingar og kommunalt eigde verksemdar for å skaffe seg direkte kunnskap om kommunens verksemd og slik ha direkte kontakt ut mot tilsette i kommunen. I 2018 var kontrollutvalet på besøk på kommunens vassbehandlingsanlegg.

Kommunens verksemd = mangfald av saker

Ein stor del av kontrollutvalet si saksbehandling omfattar forhold utvalet er pålagt å arbeide med, gjennom krav i kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalget kan etter anmodning fra kommunestyret, etter innspill fra innbyggere eller på eget initiativ ta opp forhold ved kommunens virksomhet, som kan knyttes til utvalgets tilsynsarbeid. Hvilket fokus som velges i de ulike arbeidsoppgavene er det i stor grad opp til utvalget å definere selv.

Saker handsama i kontrollutvalet i 2018:

- Protokoll frå sist møte (eiga sak i kvart møte)
- Innkallingar (eiga sak i kvart møte)
- Referatsaker / Eventuelt (eiga sak i kvart møte)
- Orientering frå revisjonen (eiga sak i kvart møte)

- Nissedal kontrollutval si årsmelding 2017
- Bestilling av selskapskontroll
- Forvaltningsrevisors vurdering av sjølvstende 2018
- Årsrekneskap og årleg rapport 2017 for Nissedal kommune – kontrollutvalet si uttale
- Årsrapport med årsrekneskap og kontrollrapport i samband med skatteoppkrevjarfunksjonen 2017
- Forvaltningsrevisjonsrapport - Saksutgreiing
- Prosjektplan og tilbodsbrief for eigarskapskontroll
- Vurdering av gjenståande prosjekt på plan for forvaltningsrevisjon
- Revisors sjølvstende – Nissedal kommune
- Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon 2017
- Budsjett for kontroll og tilsyn 2019
- Orientering om Nissedal kommune sitt budsjett for 2019
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Saksutgreiing»
- Orientering om kommunens handtering av massetak
- Møte- og arbeidsplan 2018 for Nissedal kontrollutval

9. REKNEKAPSREVISJON

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av kommunen sin eigenkontroll. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gir om økonomien sin. Dette er ei viktig oppgåve. Revisor er ein uavhengig og objektiv tredjeperson som gjennom sine kontrollar kan avdekke og førebygge feil og manglar i den økonomiske rapporteringa. Revisor vil i tillegg rettleie kommunen for å bidra til å førebygge og avdekke feil og underslag.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein tryggjande måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor gir tilstrekkeleg rapportering om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og

revisor har ein god dialog og god forståing av kvar deira oppgåver er, er ein viktig føresetnad for å vere trygg på at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet registrerar at revisor sitt arbeid med å utføre rekneskapsrevisjon dei siste åra er blitt meir omfattande, spesielt knytt til dei mange attestasjonsoppgåvene som vert utført på vegner av staten og andre offentlege organ. I tillegg til å gje skildringar og uttaler får kontrollutvalet jamleg i møte informasjon om utført rekneskapsrevisjon. Kontrollutvalet har ved fleire høve gitt uttrykk for at det vert gjort mykje godt arbeid innanfor området rekneskapsrevisjon og at dei er nøgde med måten revisjonen løyser oppdraget på.

10. FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen blir driven på ein måte som tar vare på innbyggjarane sine behov og rettar best mogeleg. Forvaltningsrevisjon er ei av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen følgjer regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet har vore delaktig i val av tema og utforming av problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret. Kontrollutvalet er delegert mynde til å bestemme korleis avsette ressursar til forvaltningsrevisjon skal nyttast, og revisjonen har gjennomført forvaltningsrevisjonen i tråd med faglege krav i løpet av valperioden.

Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming. Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet mogelegheita til å gå i djupna i ulike saksforhold, innan eitkvart verksemdsområde i kommunen. Forvaltningsrevisjon vil difor kunne ha høg nytteverdi, både i utvalet si kontrollverksemd, og i kommunen sin internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, men kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Kontrollutvalget fikk lagt frem overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for Nissedal kommune i starten av 2016. Planen for 2016-2019 ble vedtatt i kommunestyret 10.3.2016.

Kontrollutvalet har starta opp et prosjekt i 2017 som vil ferdigstillast i 2018, og følgd opp tidligare rapport om Sosiale tenester i Nissedal kommune.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet handsama den 23.4.18 sak 9/18, forvaltningsrevisjonsrapport Saksutgreiing. Rapporten hadde følgande problemstillingar:

- I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, særleg med omsyn til økonomiske konsekvensar?
 - I kva grad har desse tiltaka blitt følgde?
- I kva grad har kommunen tiltak for å sikre at politiske vedtak blir sett i verk?
 - I kva grad har politiske vedtak i sak om ny småskule ved Tveit blitt sett i verk?
- Har kommunen tilfredstillande rutinar for styring av investeringsprosjekt?
- Korleis er bygging av ny småskule ved Tveit blitt følgd opp?

Rapporten konkluderte med følgande anbefalingar til Nissedal kommune:

- vurdere fleire tiltak for å sikre forsvarleg utgreiing og rapportering av politiske saker, f.eks. retningslinjer, malar/sjekklistar og opplæring,
- sikre at prosjekterings- og byggenemnda er i tråd med kommunelova kapittel 6 og at den blir forankra i kommunens reglement, i samsvar med ynskt rolle og formål,
- etablere rutinar/retningslinjer knytt til planlegging, gjennomføring og rapportering av investeringsprosjekt,
- sikre rapportering på gjennomføring av alle vedtak og rapportering utanom tertialrapporteringa i investeringsprosjekt, der det er naudsynt.

Kommunestyret handsama rapporten i møte 24.5.18, sak 30/18, og vedtok i kontrollutvalets innstilling.

Rapporten ble følgt opp av kontrollutvalet i møte 5.11.18 sak 20/18.

11. SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll er ei av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet og er eit viktig virkemiddel for å sikre at selskapa vert underlagt demokratisk styring og kontroll.

Telemark kommunerevisjon IKS la fram plan for selskapskontroll 2016-2019 i 2016 for kontrollutvalet. Kontrollutvalet vurderer årleg omfanget av selskapskontroll og legg evt. endringar/tillegg som det er behov for fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet har i 2018 bestilt ein selskapskontroll/eigarskapskontroll:

Eigarskap i Nissedal

Kontrollutvalet bestilte i møte 12.2.18, sak 2/18 eigarskapskontroll med tema Eigarskap i Nissedal kommune. Prosjektplan blei godkjend 23.4.18. Eigarskapskontrollrapporten skal opp til handsaming i begynnelsen av 2019.

12. KONKLUSJON OG AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert med dette lagt fram for kommunestyret til vitande. Ved å sjå årsplan og årsmelding for 2018 i samanheng, kan kommunestyret sjå om dei vedtekne oppgåver og målsettingar for kontrollutvalet er eller blir følgt opp.

Treungen, 11.02.2019

Inge Magnus Evja
Leiar

Ingebjørg Liland
Utvalssekretær